



Tildelt medalje – s. 6



Brannveke – s. 10



Påtroppende ordførar – s. 20



BOKN BYGDABLADE

Nr. 7 september 2015 – Årg. 30



30
år

www.bgdabladet.no

KJEKT PÅ **BOKN**



RDFØRAREN RDET

Kjære sambygding!

Føresvikvegen

Prosjektet med utbetring av fylkesveg 890 Føresvikvegen ligg i handlingsprogrammet for fylkesvegar 2014-2017, og sjølve reguleringsplanen for Føresvikvegen er for lengst godkjent. Det har gått ei tid sidan arbeidet med å utbetra denne vegen blei starta opp, og kostnadane med å byggja veg har auka. Ei ny kostnadsramme frå Statens vegvesen nyleg viste at vegarbeidet vil koma på 25 millionar kroner.

Med bakgrunn i dette foreslo Statens vegvesen ei ny kostnadsdeling som inneber at Haugalandspakken løyvar 12 millionar kroner, Rogaland fylkesskommune 6 millionar kroner og Bokn kommune 6 millionar kroner.

Frå før har Bokn kommune løvd 4 millionar kroner til prosjektet og i møte den 9. juni i år løvd formannskapet i tillegg 2 millionar kroner. Styringsgruppa i Haugalandspakken løvd i møte den 17. september 12 millionar kroner til prosjektet. Derved har alle partar godkjent sine andelar og finansieringa er på plass. Dette var svært gledeleg og viktig. Trafikkmengden på vegstrekket aukar for kvart år. Om eitt år opnar fleir brukshallen i Føresvik og ein kan då forventa at det også blir fleire mjuke trafikantar i området. Difor er det avgjerande at sentrumsvegen får ein betre standard enn det han har i dag.

I fylge Statens vegvesen vil arbeidet med grunnerverv og byggeplanar bli sett i gong så snart det let seg gjera. Det er i sentrumsområdet (reguleringsplan Føresvik sør) det er

høgst gang- og sykkeltrafikk, og difor er det naturleg å starta vegarbeida i dette området for så å fortsetje på Føresvikvegen i retning E39/ Knarholmen så langt finansieringa held.

TV-aksjonen

2015

TV-aksjonen til NRK går i år til Regnskogfondet sitt arbeid med å berga regnskog i nært samarbeid med menneska som bur der. Pengane frå årets TV-aksjon skal redda eit regnskogsområde

større enn heile Noreg og Danmark til saman.

Verdens regnskogar er under eit voldsomt press, og kvart minutt forsvinn store regnskogsområder – for alltid. For dei 260 millionar menneska som bur i regnskogen og lever av ressursane der, er konsekvensane umiddelbare og dramatiske: Dei mistar heimen sin.

Årets TV-aksjon skal bidra til å sikra nokre av verdas største regnskogsområder i Peru, Brasil, DR Kongo og på øya Ny-Guinea.

Regnskogen forsyner verda med mat, vatn og medisinar, og bidrar til å redde klimaet på kloden. Regnskogen er



Trafikkmengden på Føresvikvegen aukar for kvart år.

dessutan heimen til millionar av menneske. Desse blir driven ut i fattigdom når skogen blir rasert.

Gjennom årets TV-aksjon skal ein söke å sikra regnskogen for vår felles framtid og for dei menneska som har regnskogen som sin heim. Den 18. oktober kjem ein bøssebærar heim til deg. Eg vil oppmoda alle boknarar om å bidra til ei viktig sak! (Sjå også s. 4 og 5, red.anm.)

18. OKTOBER 2015



Regnskogfondet

TV-AKSJONEN

Medlemmer og varamedlemmer, personstemmer (kumuleringar) og slengalarar.

| NAMN | PARTI | MEDLEM | KUM. | SENGARAR |
|------------------|-------|---------|------|----------|
| Tormod Våga | SP | valt | 147 | 17 |
| Eirik Nedrebø | SP | valt | 72 | 5 |
| Emilie Eikje | SP | valt | 67 | 8 |
| Roar Medhaug | SP | valt | 66 | 4 |
| Anita Kro | SP | valt | 45 | 6 |
| Daghild Alvestad | SP | valt | 38 | 8 |
| Kjetil Vatnaland | SP | valt | 38 | 2 |
| Osmund Våga | SP | valt | 30 | 3 |
| Sandra Jøsang | SP | 1. vara | 30 | 0 |
| Geir Aksdal | SP | 2. vara | 18 | 2 |
| Harry Vågshaug | SP | 3. vara | 14 | 0 |
| Harald Øvrebø | SP | 4. vara | 10 | 0 |
| Eiliv Staalesen | H | valt | 47 | 5 |
| Lars S. Alvestad | H | valt | 52 | 14 |
| Per Helge Sunde | H | valt | 38 | 11 |
| Lene Foss | H | valt | 32 | 9 |
| Jørn Hansen | H | valt | 31 | 6 |
| Ann J.Sunde | H | 1. vara | 29 | 6 |
| Edgar Våge | H | 2. vara | 21 | 13 |
| June Grønnestad | H | 3. vara | 24 | 5 |
| Kurt Jøsang | H | 4. vara | 15 | 14 |

| | | | | |
|---------------------|-----|---------|----|----|
| Jørgen Thuestad | AP | valt | 31 | 40 |
| Kari Christensen | AP | valt | 25 | 20 |
| Anne Faye | AP | valt | 33 | 31 |
| Kaj A. Christiansen | AP | 1. vara | 18 | 45 |
| Lillian Grønnestad | AP | 2. vara | 29 | 33 |
| Lars Ø. Alvestad | AP | 3. vara | 22 | 28 |
| Rannveig Øvrebo | AP | 4. vara | 27 | 17 |
| Sigmund Alvestad | KRF | valt | 14 | 16 |
| Torstein Alvestad | KRF | 1. vara | 5 | 3 |
| Jennifer Vatnaland | KRF | 2. vara | 6 | 1 |
| Jorunn Larsen | KRF | 3. vara | 5 | 1 |
| Hans J. Ognøy | KRF | 4. vara | 5 | 0 |

Konstituerande møte 27. okt.

Meir frå valet side 20



Fv. Svanhild Alvestad, Ragnhild Trosnavåg, Reidar Alvestad og Jan Magne Moi skal gå i gong med oppteljinga av årets kyrkjeval.

Frammøteporsenten var 38,18%.

Foto: Jardar Havikbotn

Kyrkjevalet 2015

Bokn sokneråd,

2015 - 2019:

Merete Alvestad

Anne Tove Øvrebø

Ingunn Grønnestad

Eivind Øvrebø

Ingvild Håland

Ellen Nedrebø

Eva Moi (1. vara)

Marita Svendsen (2. vara)

Harry Vågshaug (3. vara)

Magnar Are (4. vara)

Liv Lie (5. vara)

18. okt.

Støtt
opp!

SKAL VI VIRKELIG VÆRE
DEN GENERASJONEN SOM
LOT REGNSKOGEN RASERES?

IKKE PÅ MIN VAKT

Hva skal vår generasjon huskes for? De som klarte å redde verdens regnskoger og hjemmene til 260 millioner mennesker? Eller de som ødela den? Vi har faktisk valget. Ta din vakt. Bli regnskogvokter 18. oktober. #REGNSKOGVOKTER



Vil du vera bøsseberar? Ta kontakt med
kulturkontoret, 52 75 25 08 - 98 22 15 08.

giverstafett.no

blimed.no

VI SKAL
VOKTE
REGNSKOGEN

18. OKTOBER 2016
 Regnskogfondet
TV-AKSJONEN 

Skulebasar 16. oktober

Det er 13. året skulen inviterer til basar i samband med TV-aksjonen. I år blir det fredag 16. oktober kl. 10.00 - 12.30.

Som vanleg er bygdafolk velkomne med gevinstar til basaren. Forutan loddosal blir det sal av kaffi, saft og heimebakst.

Alle er velkomne!

Givarportalen

I fleire år har **giverstafett.no** vore givarportalen for næringsliv, organisasjoner, skular, barnehagar, kyrkjer og kyrkjelyd. Nytt av året er at kommunebidraga også skal registrerast her. Klikk deg inn og sjå at Bokn allereie er blant dei beste i landet.

Vil du gi ei gåve og er usikker på korleis du gjer det, ta kontakt med ordførarkontoret eller kulturkontoret.

Nytt fjes i servicetorget

Jardar Havikbotn

Åse Karin Fjellving starta 1. august i 100% stilling som kontormedarbeidar i Bokn kommune. Tre dagar i veka treff du henne i servicetorget, dei andre dagane i økonomiavdelinga, med ansvar for kommunal fakturering.

49-åringen frå Haugesund er gift og har tre søner på 12, 15 og 25 år, også hunden *Pondus* då. Ho har utdanning innan økonomi og administrasjon. Åse Karin gjekk på Lindås gymnas og var blåruss. Så blei det EDB-skulen og seinare til foretakssøkonom på Høgskolen Stord / Haugesund. Ho har også vidareutdanning i rekneskap. I studietida rett etter vidaregåande jobba ho i resepsjonen på *Mongstad* utafor Bergen.

Elles er yrkeserfaringa hennar veldig variert, med stikkorda rekneskap og administrasjon. Forutan ein periode ved rekneskapsavdelinga hos *Interconsult* i Fredrikstad, har haugesundaren jobba ein del stader på Haugalandet. Ho har arbeidt i bank, både *DNB* og *Skudenes & Aakra Sparebank*, i *Posten*, *Vassbakk & Stol*, på *Kårstø*, *Boligbyggeren* i Sveio og *Haugaland regskapsservice*, *Hatteland* og *Hagland Finans*.



Åse Karin Fjellving

Arbeidserfaring i det kommunale systemet har Åse Karin frå to og eit halvt år som førstesekretær i Tysvær kommune. Nabokommunen har t.d. det same økonomisystemet som Bokn. Arkiveringssystemet her i kommunen, Websak var nytt for henne og har vore den største utfordringa, fortel ho.

Dama, som bur nord i byen, seier det var spennande oppgåver som var grunnen til at ho søkte i Bokn. Og når ho ikkje er på jobb går det mykje i lesing, strikking og matlaging. Den

største hobbyen er bil, båt og motorsykkel saman med mannen Frank. Dei driv t.d. ein Amcar utstillingsbil, *Chevrolet El Camino SS 1987-modell*, med 450 hk. Ein onsdag i månaden er det Cruising frå Amanda Storsenter.

Det er også sannsynleg å treffa på henne i Vikedal også, særleg i helger og feriar. Dei har nemleg fast campingvogn der inne.

Bygdabladet ynskjer lykke til i den nye jobben!

Rådmannen i Bokn tildelt medalje

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Kjetil Hamre

Etter det siste kommunestyremøtet for perioden, blei rådmann Jan Erik Nygaard heidra for å ha vore tilsett i Bokn kommune i 33 år.

Rådmannen fekk overrekt Det Kongelige Selskap for Norges Vels medalje og diplom for lang og tru teneste av ordførar Kyrre Lindanger den 22. september. Rådmann Jan Erik Nygaard er for tida den lengstsittjande rådmannen i Rogaland og blei tilsett den 1. november 1981. Han har tenestegjort under fem ulike ordførarar og ei mengd kommunestyrer. Den 27. oktober skal han inn i samarbeid med ny ordførar og nytt kommune-styre i Bokn.

I heidringstalen sin sa ordføraren m.a. at rådmannen vår nyt stor respekt i dei andre kommunane på Haugalandet, så vel som i heile fylket. Svært ofte blir Nygaard brukt til saksførebuande arbeid i interkommunal samanheng, der ein nyt godt av kompetansen hans – ikkje berre innafor det kommunefaglege, men også i forhold til den juridiske kom-



Rådmann Jan Erik Nygaard fekk overrekt Det Kongelige Selskap for Norges Vels medalje og diplom for lang og tru teneste i Bokn kommune

petansen hans. Mellom anna leiar han for tida det viktige arbeidet som pågår for å etablera eit interkommunalt brannvesen på Haugalandet.

Kyrre Lindanger peikte også på at Jan Erik Nygaard var med på å løfta Bokn kommune frå å ha vore ein ganske fattig 80-tals kommune, med nokre få tilsette, til å bli ein moderne

og veldriven kommune med over 120 tilsette. I løpet av desse 33 åra har han fått tatt del i store og viktige saker for boknasamfunnet, slik som Bokn-fastlandssamband, utbygging av Kårstøanlegget og bygginga av Europipe II-gassrøyrleidninga over Bokn.

Heile talen står på neste side.

Hele Rogaland leser er eit leseprosjekt med mål å gi folk i Rogaland ei felles leseoppleveling, og å auke litteraturinteressa generelt. Kvart år blir det valgt ei bok. Årets bok er "Sov søtt Herr spiss" av Erna Osland og Inger Lise Belsvik.

Måndag 2. november kjem illustratøren av boka, Inger Lise Belsvik på besøk til Bokn.

Linda Ognøy



Foto: Jardar Havikbotn

Ordførar Kyrre Lindanger sin tale til rådmann Jan Erik Nygaard i kommunestyret 22.09.15

Me har nå gjennomført det siste ordinære kommunestyremøtet denne perioden, og neste møte er konstituerande kommunestyremøte den 27. oktober. Eventuell formell markering vil skje i denne samanhengen.

Eg vil likevel nytta dette høvet til å gjere stas på ein medarbeidar som eg veit dakkje alle set veldig stor pris på. Han begynte sitt virke i kommunen vår for over ein mannsalder sidan, nærmare bestemt 01.11.1981. I 33 samfulle år har han jobba for Bokn og boknarane, og det har etterkvert vore mange ordførarar og kommunestyrer som har hatt glede av å samarbeida med han, og som, ikkje minst, har støtta seg til og hatt glede av den enorme kunnskapen og erfaringa hans.

Dakkje forstår at det er rådmannen vår, Jan Erik Nygaard, eg ynskjer å heidra i kveld. Men ta det med ro; Det er ikkje noko avgang på gang, eg trur me skal få ha Jan Erik endå nokre år her på huset. Eg har hatt glede av å samarbeida med Jan Erik i åtte år, slik som fire ordførarar har det før meg. Etterkommaren tar over ein rådmann som er den lengstsittjande rådmannen i Rogaland. Han nyt stor respekt i dei andre kommunane på Haugalandet, ja, i heile fylket. Svært ofte blir Jan Erik brukt i interkommunal samanheng, der ein nyt godt av kompetansen hans – ikkje bare innan kommunal sektor, men også den juridiske kompetansen hans. I mange samanhengar blir også Jan Erik brukt som brubygger når dei store kommunane ikkje klarer å snakka saman. Per i dag leiar han mellom anna det viktige arbeidet som med å etablera eit interkommunalt brannvesen på Haugalandet.

Jan Erik har alle dei eigenskapane ein kan ynskje, men kanskje ikkje kan forventa, av ein rådmann; Han er snill, tolmodig, lojal, løysingsorientert, diplomatisk og hardtarbeidande. I tillegg har han ein snodig eigenskap ved at han veit kva eg skal seie før det er sagt. Dette er eigentleg eit uttrykk for at Jan Erik er kjapp i hovudet og raskt tar essensen i saker han jobbar med.

Jan Erik har vore bra for Bokn. Og eg trur Bokn har vore bra for Jan Erik. Gjennom desse 33 åra har han opplevd oppturar og nedturar, slik som rådmenn flest, men også fått vore del av store og viktige saker for boknasamfunnet, slik som Bokn-fastlandssamband, utbygging av Kårstøanlegget, forhandling om Kårstøavtalen og gjennomføring av Europipe II over Bokn, bygging av fiskerihamna i Knarholmen, bygging av Boknatun, ny barnehage, bygging av dei store bustadfeltene i kommunen og utviding av skulen, nytt bibliotek og bygging av omsorgsbustader på byrjinga av 2000-talet.

Jan Erik var med på å løfte Bokn kommune frå ein heller fattig 80-tals kommune, med nokre ganske få tilsette, til å bli ein moderne og veldriven kommune med over 120 tilsette. Bokn kommune har eit høgt nivå på dei kommunale tenestene – både når det gjeld kvalitet og kvantitet – noko som har spegla seg av i kommunebarometer dei siste åra. Og noko av grunnen til at Bokn kommune har hatt det romsligare økonomisk enn andre kommunar det er naturleg å samanlikna seg med, er avtalen om fordeling av inntekter frå gassbasert industri som me har med Tysvær kommune. Jan Erik var sentral i forhandlingane om denne avtalen, og denne har vist seg å vere svært viktig for at me kan ha eit høgt nivå på tenestene i vår kommune.

Fleire har tatt til orde for at ein nå burde gi rådmannen vår ein skikkeleg klapp på skuldra for den innsatsen han har gjort for Bokn, boknaren og fellesskapet gjennom 33 år. Og i kveld er ein fin anledning til å gjera nettopp det.

Jan Erik Nygaard er tildelt Det Kongelige Selskap for Norges Vels medalje for lang og tro tjeneste, 33 år ved Bokn kommune. Gratulera!



Foto: Kjetil Hamre

Spyling av kommunalt vassleidningsnett

I perioden 5. - 16. oktober blir det spyling av det kommunale vassleidningsnettet.

Spylinga skjer på dagtid, bortsett frå mandag 5. oktober. Då er det Vaulen - Arsvågen, via Håland kl. 21.00 til kl. 02.00 tysdag 6. oktober.

Til orientering kan det i periodar forekomma gult/brunt vatn mens spylinga pågår. Dette er ikkje helsefarleg.

Mvh.

**Bokn kommune
v/Teknisk**



Foto: Jardar Havikbotn

Bokn Bygdablad for 25 år sidan

FRÅ NR. 7 1990

FRIHETS MEDALJE TIL CONRAD OSMUNDSEN

Fredag den 13. juli fekk Conrad Osmundsen tildelt kong Haakon den 7. Frihetsmedalje for særleg lang og innsatsfylt teneste på norske skip under den 2. verdskrig. Frihetsmedaljen vart overrekt av ordførar Leif Vatnaland i heimen til Conrad Osmundsen på Austre Bokn. Til stades ved overrekkinga var var utanom nær familie og vener også representant frå marinen. Ved overrekkinga kom ordføraren særleg inn på kor viktig innsatsen til dei norske sjøfolka hadde vore under krigen, og kva det hadde å seia for utfallet av krigen. Han minna også om dei påkjenningane det hadde vore å vera sjømann under forhold kor ein heile tida kunne risikera å bli senka av fienden. Conrad Osmundsen seilte under heile krigen. Til saman var

han på mange skip, først handelsskip, og seinare på skip som høyrd til i den norske marinen. I 1941/42 gjekk farten i den engelske Kanalen, og der vart den allierte flåten jakta på av tyske bombefly og ubåtar. Conrad Osmundsen fortel at dei båtane han var med, ikkje vart torpedert eller minesprengt, men på ein tur var det berre 4 av 12 skip som kom fram av ein konvoi han var med. Conrad Osmundsen fortel også m.a. at han var med på ein tankbåt under den allierte invasjonen av Nord-Afrika og Sicilia. Dei supplerte då eskortefartøya.

Innkludert den siste medaljen, har Conrad Osmundsen nå 7 ulike medaljar som skriv seg frå innsatsen under krigen. 4 av desse er engelske.

Omsetning av eigedomar i Bokn

Andel av Gnr 4, bnr 6 er overdradd for kr 1.200.000 fra Ane Trahaug Sirevåg og Atle Trahaug Sør-Reime til Heine Trahaug Sør-Reime (05.08.2015)

Overdragelsen omfatter også andel av Krovegen 36 (Gnr 4, bnr 7)

Andel av Gnr 11, bnr 249 er overdradd for kr 133.000 fra Solveig Vatnaland til Reidun Irene Vatnaland og Else-Rita Vatnaland Woll (25.08.2015)

Kjelde: Statens kartverk



Røde Kors Bokn

Bokn Røde Kors har over 3 dager (12.- 14. sept.) samlet inn til sammen 28.436,- til flyktingene i middelhavet.

Det er blitt vist en helt fantastisk giverglede blant boknerene. Nasjonale tall viser til nå at det totalt på denne bøsseaksjonen ble samlet inn cirka 2,9 millioner kroner. Det er et engasjement og en giverglede uten sidestykke, og det opplevdes et stort trykk på både giversiden, men også nye frivillige som har meldt seg, over 4000 personer har

meldt seg som frivillige de siste ukene.

Bokn Røde Kors vil med dette takke alle som har gitt, og ikke minst alle som har brukt noen timer av sin tid med å gå med bøsse. Dere er med på å gi et håp til de som har mistet alt! Vi vil også takke Bokn kommune for lån av lokaler og annen bistand under aksjonen.

Mer informasjon og status rundt krisen kan du lese på rodekors.no
Takk.

Slik kan du bidra:
Minaksjon.no (El-bøsse)
Telefon: 822 04 111 (200 kr.)
SMS: send TV2 til 2160 (200 Kr.)
Konto: 6005.06.62678 gi.rodekors.no
Bedrifter kan sende mail

12.698 kr. kom inn på valgdagen 14. sept.



Kjell Frode Lie

Torsdag den 30. juli sovna Olaug fredeleg inn etter 94 innhaldsrike år.

Ho såg dagsens lys fyrste gongen 28. mai 1921 som dotter og eldste av ti born til Malena og Jens L. Vatnaland. Her på Vatnaland vokste ho sidan opp i ein ressursrik familie med eit stort samfunnsengasjement og brei tillit i bygda. Såleis tente både farbror, far og bror bygda som ordførarar.

Etter folkeskulen tok ho husmorskulen og festa seg ei tid som tenestejente i Bokn – heilt til ho i 1944 gifta seg med sin kjære Østen H. Hognaland. Det var ikkje spørk å stifta familie midt under krigen då alt var rasjonert – også den nødvendigaste av husgeråd og møblar. Sidan presten i Bokn også hadde delteke i protesten mot nazistane, laut dei til Haugesund for å gifta seg. Året etter at dei gifta seg, fekk dei også det einaste barnet – dottera Anna «Annemor» Harriet. I 1946 reiste dei seg også ein heim i «Straumen».

Det var ei strid tid, ikkje minst sidan Østen var fiskar og mykje fråverande. Men dei var begge fjåge folk og skapte ein heim med mykje varme. Olaug var som det var vanleg då, heimeverande husmor. Men for å skøyta på inntektene, sydde ho for folk. Den siste tida monterte ho også bunadar.

Olaug var eit raust overskotsmenneske og hadde mykje å gje bygda. Best kjend blei ho for dei mange prologane og songane ho laga til mange høve – 17. mai, festar av ulike slag og



Olaug fekk kulturprisen i 1997.

Foto: Jardar Havikbotn

ved viktige markeringar som 150-års jubileet for kyrkja og kongebesøket ved opninga av ferjeleiet i Arsvågen sommaren 1991. Ho var lett å be, sa aldri nei.

Olaug hadde også ei rekke andre jern i elden. Ho var kunnskapsrik og sosial og hadde lett for å vinna tillit. Såleis blei ho vald til formann i ein av misjonsforeiningane i Bokn og i pensjonistforeininga. Særleg interesse og kunnskap hadde ho for den lokale

historia, og difor var ho også eit naturleg og aktivt medlem i bygdeboknemnda gjennom mest ein mannsalder.

Ho var av den menneske som gjorde livet rikare ikkje bare for sine næraste, men for heile bygdesamfunnet. Difor var det også naturleg at ho i 1997 fekk Bokn sin kulturpris.

Østen døyde frå henne i 1998, men ho heldt fram med å bu i heimen deira til hausten 2013 då ho fekk omsorgsbustad på Boknatun. Likevel heldt ho fram med å aktivisera seg og tok heilt til det siste del i møta i bygdeboknemnda. Olaug let etter seg eit barn, eit barnebarn og to oldebarn – og ei heil bygd i takksemrd. Ho er borte, men orda hennar lever vidare.

Birger Lindanger



Olaug framfører ein av sine mange prologar.

Foto: Jardar Havikbotn



Foto: Kjetil Hamre

Hjertelig takk for all deltagelse og blomster ved Olaug Hognaland sin bortgang.

Takk til Bokn sjukkestove for god pleie og omsorg.

Familien

Brannvernveka 2015 i barnehagen

Personalet i Bokn barnehage

I år har me jobba med brannvern ei vike. Me har blitt meir kjent med det som har med brann å gjere, og hatt ulike aktivitetar iforhold til det.

Me har tegna og fargelagt ulike bilder med to figurar som me kallar Vanja og Eldar. Elles har me klippa og limt bilder

på besøk ([neste side](#)). Det var skikkelig interessant, og me gir ein stor takk til Kai Arne og Kjell Frode frå Bokn brannvesen som tok seg tid til dette.

Brannøving høyrer sjølv sagt med til ei slik vike, og det blei mange våte sokkar i bhg her i barnehagen etter brannøvinga.

Bål

Som ei lita avslutting på veka laga me eit lite bål. Me ville finne ut kva som brann på skikkelig og kva som ikkje tok fyr... me la på alt i frå legokloss til porselenskopp på bålet. Det blei eit bra eksperiment. Til slutt tok me popcorn i gryta og



om kva som me trur brenn og ikkje brenn.

Ein av dei største tinga me har gjennomført denne veka har vore å få brannbilen

Brannøving er noko me øver oss på fleire ganger i løpet av eit år så det er ganske udramatisk for barna i barnehagen.

sette ho på bålet vårt. Skal seie det blei varmt i gryta, så til og med popcornet tok fyr (og det var slettes ikkje planlagt...)



Mest redd for el-branner

Av Tor Erik Skaar
Informasjonsrådgiver,
Norsk brannvernforening

Fem av ti nordmenn regner feil i elektriske apparater som en sannsynlig årsak til brann hjemme hos seg selv. Én av tre

frykter brann som følge av mobillading, og like mange at feil i el-anlegget skal starte brann.

Dette kommer fram i en ny undersøkelse TNS Gallup har gjennomført for If Skadeforsikring, Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap og Norsk brannvernforening i anledning Brannvernuka, som går av stabelen denne uka.

- Rundt halvparten av alle boligbranner med kjent årsak er el-relatert, enten det skyldes feil i el-anlegget eller uaktsom

bruk av elektriske apparater. Det er ikke uten grunn at folk er bekymret for el-branner, sier adm. direktør Dagfinn Kalheim i Norsk brannvernforening.

Han ber folk være ekstra oppmerksomme nå når vi er på vei inn i en kaldere og mørkere årstid, og vi belaster el-anlegget med mer lys og varme.

- Se over ledninger, støpsler, kontakter, brytere og elektriske apparater. Oppdager du svimerker, deformasjoner, skader eller uvanlig varmgang, kan det være fare på ferde, advarer Kalheim.

Ein spennande dag!

Personalaet i Bokn barnehage

At vi har eit sers oppegåande og flott, friviljug brannvesen i Bokn, det treng vi ikkje å tvile på! Kaj Arne Christiansen og Kjell Frode Lie hadde dressa seg opp i full mundur, og kom til barnehagen med brannbilen. Bjørnar Bryningsland var og med og hjelpte til.

Ungane sto med store auge og fekk sjå den flotte brannbilen som køyrd like innafor gjerdet til barnehagen. Dei to brannmennene drog fram brannslangar og forklarte medan dei jobba.

Vi fekk ei flott oppvisning i korleis ein brann skal slukkast med vatn. Så fekk vi sjå korleis dei slukkar med skum, og etterpå vart det tid til ei lita «regnbyge»! Ungane fekk gå gjennom brannbilen, og nokon song i mikrofonen som dei har i førarhuset.

Ein gjeng med skuleunger stod og kikka utanfor gjerdet til barnehagen, og vi vaksne i barnehagen ropa åt dei at dei kunne komme innafor gjerdet og sjå. Dei var hjå oss til det ringde inn på skulen.

Vi vil få takke dei flinke og utruleg snille, friviljuge brannmennene som kom til oss i dag, og gjorde dette til ein flott og spesiell dag i barnehagen.



Vi kjenner oss heldig så kan få oppleve slikt som dette i vårt nærmiljø

Tusen takk! Ungane i Bokn barnehage er ei spesiell opplevelse rikare.

Lader om natta

I følge undersøkelsen velger så mange som sju av ti nordmenn å lade mobiltelefoner og nettbrett om natta.

- De fleste har vel kjent at mobilladere kan bli ganske så varme, og i noen tilfeller kan produktfeil, skader eller tildekking føre til at det oppstår brann. Det kan få fatale konsekvenser hvis brannen starter om natta når folk sover, sier konserndirektør Morten Thorsrud i If Skadeforsikring, som ber folk ta forholdsregler:

- Finn et fast sted, med ikke-brennbart underlag og god lufting rundt både mobiltelefon og lader, og lad telefon og nett-brett når du er våken og tilstede. Og sorg for at det er fungerende røykvarslar i rommet der det lades, slik at du er sikret tidlig varsling hvis det skulle begynne å brenne, sier Thorsrud.

Vær obs på hvitevarer

Mange setter også i gang diverse hvitevarer før de går og legger seg for natta. 30 prosent innrømmer at de kjører oppvaskmaskinen om natta, mens henholdsvis 15

prosent og 8 prosent starter vaskemaskinen og tørketrommelen.

- Det er en rekke boligbranner hvert år som starter i vaskemaskiner og tørketromler. Skjer det om natta mens vi ligger og sover, kan det fort bli svært dramatisk. Vårt klare råd er at man kun bør bruke slikt utstyr mens man er våken og til stede i boligen, sier avdelingsdirektør Anne Rygh Pedersen i DSB.

Open brannstasjon

Kyrre Lindanger

Om lag 40 barn, og tilsvarende mange vaksne, hadde tatt turen til brannstasjonen i Bakken då det ble gjennomført open dag laurdag 19. september. Lokale brannkonstablar hadde iført seg uniform og rulla ut brannslangar for å markera Brannvernsuka.

Bokn brannstasjon var ein av 350 brannstasjonar i Noreg som heldt opne denne haustdagen. Bak kampanjen står Norsk brannvernforening, DSB, If Skadeforsikring, i tillegg til brannvesen og lokale el-tilsyn over heile landet.

Allereie ved oppstart var det fleire ivrige barn som møtte opp med forldre, og utover dagen auka talet besökande. Barna hadde mange spørsmål om utstyret og kva brannmennene gjorde. Det blei ekstra stas då dei fekk sløkkje brann, sitje på med brannbilen, sprute med vannslangen og prøve seg på fyrstehjelpteknikkar på ei Anna-dukke. Alle fekk også med seg heim kvar sin ekte brannhjelm.

Brannkorpset stilte med alt tilgjengeleg utstyr, i tillegg til heilt ny brannbil. Det var lagt opp til leik, men også ein del teori. Det blei servert boller og saft, og det var konkurranse der hovudpremien var ein Lego-brannstasjon. Høgdepunktet var sjølv sagt å få kjøre ein tur med brannbilen. Tor Harald Alvestad hadde mange rundar rundt «Nullen» med blidspente barn som hjelpe-mannskap på brannbilen.

For mange av dei frammøtte var høgdepunktet ein tur med den nye brannbilen. F.v. Henrik Ognøy Våge, Truls Foss, brannkonstabbel Bjørnar Bryningsland og Albert Lindanger.



Bokn brannstasjon opna portane i høve Brannvernsuka.



Bokn brannstasjon var ein av 350 brannstasjonar i Noreg som gjennomførte Open dag 19. september.



Albert Lindanger fekk prøvd seg på fyrstehjelpteknikk. Torbjørn B. Christiansen (t.v.) ser på.





Bokn idrettslag informerer



Populær hønebingo!

Hønebingoen til Bokn IL, som var nytt i år, blei en populær aktivitet under sommermarknaden i Føresvik. Anette hadde med seg tre høner og en hane og foret de godt med hønsefør og litt grøntfør før bingoen startet. På ei sponplate, som ble gjerdet inn, var det rutet opp 3 x 10 ruter og skrevet vilkårlig på tallene, fra 1 til 30. Det ble solgt ett lodd per rute, og den som hadde loddet til ruten der den første høneskiten landet måtte rope «bingo».

De første 30 loddene ble solgt i en fei og det sto flere i kø som ikke fikk kjøpt lodd til første runde. Etter knapt ett minutt var første skit landet - på tallet 17. Deltakerne, som sto tett rundt bingobrettet, sjekket loddene sine...

- Bingo!, ropte Venke Grønnestad Våge.

Hun hadde lykkeloddet og fikk en pakke egg fra Coop'en og 4 flotte eggeglass. Heldigvis skeit hønene godt og bingo-ropene gjallet, godt iblandet rungende latter. Det var som alltid veldig mange som hadde møtt opp, og hønebingoen holdt fram i fire runder, før regnet satte en stopper for salget. Premiene var både eggdedere, keramikkhøner og sjokolade, og det så ut som om publikum koste seg og at både barn og voksne synes dette var morsomt!

Tippekonkurranse

Mange prøvde seg også på tippekonkurransene som idrettslaget hadde denne dagen. Å tippe vekten på en



laks gitt av Grieg Seafood, klarte Helga Alvestad med glans! Hun tippet at den veide 8,245 kg, mens vekten viste



Anette Våga med salgshane Sigurd Jøsang som solgte lodd til hønebingoen! Det var en kjempesuksess, men noen ble litt lettere skremt!



8,1kg. Ampelen som ble gitt av Hadeland på Raglamyr, ble vunnet av Lillian Odland fra Tysvær, som tippet 7,6 kg, noe som bare var 200 g mer enn hva

som var tilfellet. Idrettslaget vil takke både sponsorene (også High comp, Mæland Bygg og Kjekt på Bokn), og alle tippe- og spilleglade for innsatsen!

Spinning på Idrettshuset med en sporty gjeng!

Der var vi i gang! 10 sporty gutter og jenter, noen trente og andre mindre

trente tok vel imot utfordringen til triatlon-entusiast og spinning instruktør ved Trimeriet i Haugesund, Morten Karlsson på mandag 21.september! Det som ble annonsert som å skulle

være en spinning/styrke time ble endret til en 60 minutters ren spinning time på grunn av sykdom og fravall av opprinnelig avtalt instruktør.



Med lovnad om at spinning passer for de fleste, uansett hvor godt eller dårlig trent man er og for de som ønsker å få bedre kondisjon, tråkket alle fremmøtte, mildt sagt til med en super innsats!

Timen bar preg av en dyktig og munter instruktør med fengende musikk, hvor man selv kunne regulere intensitet og

motstand. For de som virkelig ville ta seg ut ble det gjennomført en maks-pulstest på slutten, noe som gav mening for flere.

En real kondisjonsøkt, men også en prøvelse for de store musklene som rumpe, lår og legger var virkelig gøy! Tror nok flere fikk øynene opp for denne formen for aktivitet, og som det ble

sagt kommer idrettslaget til å prøve å arrangere flere slike økter i høst om der er interesse for det. I tillegg vil Egil ifra YES på Raglamyr komme og holde spinning og styrke økten som var planlagt ved en senere anledning! Dette vil bli annonsert på Bokn IL sin facebook-side, og facebook-gruppe fortløpende. **Så meld deg inn og lik siden vår om du ikke allerede har gjort det!**

Folksomt på friluftsdagen!

Anette Våga



Søndag 30.august var det igjen duket for den årlige friluftsdagen med mange aktiviteter i regi av Bokn IL og speiderne.

Og det må sies at det verken sto på utfordringene eller noe godt å putte i munnen denne dagen! Krocketspill, pil

og bue-laging og skyting på ballonger, fiskedam og trimtur rundt turstien med innlagte oppgaver og friluftsbingo ble en suksessfull kombinasjon i godværet. Det sydet av liv og aktivitet og den lengste køen var nok ved bordet hvor man skulle registrere seg for

å være med på klassekampen og for å gå tur rundt turstien i år. Bokn skole ble nemlig utfordret til å se hvilken klasse som klarte å mobilisere flest elever til å gå eller løpe rundt turstien denne dagen. Alle som deltok i hver klasse måtte fullføre den ca 4,1 km

lange distansen fra idrettshuset og rundt turstien, ned ved kirken og til idrettshuset igjen. Klassen med flest (prosentvis) deltakere ville få 5000 kr til fri disposisjon for hele klassen. Ikke rart det myldret av både barn, foreldre og besteforeldre.

Helsefremmende og forebyggende

At alle klassene fra første til tiende fullførte 100 %, medregnet elever med «lovlige frafall» gjorde at premien ble delt og at alle klassene fikk 500 kroner hver. Elevene glede seg til å gjøre noe i lag med klassevenninner og – kamerater og synes opplegget var kjempeflott! Pengepremien ble sponsert av Bokn kommune basert på kommunens øremerkede folkehelsemidler til tiltak med fokus på barn, unge, inkludering og mental helse. Å bygge gode, trygge og inkluderende klasser – og skolemiljøer er et tiltak i rette helsefremmende og forebyggings-ånd, ifølge folkehelsekoordinator Anne Askeland.

Ellers var det Arvid Mæland som stakk av med seieren i bocciaturneringen, hvor det også var rekorddeltakelse i år.

Tautrekkingsskonkurransen i båt ble også gjennomført, etter å ha blitt avlyst pga dårlig vær under marknadsdagen. Det ble turnering etter utslagsmetoden, med en i hver kajakk og hvor det gjaldt å få midtpunktet på tauet over på sin side. Mange tilskuere fikk sett flere heftige og latterfremkallende dueller, før Gunnar Solberg og Gaute Drilen endte opp som to verdige vinnere!

Igjen tusen takk til sponsorene; High Comp, Grieg Seafood, Mæland Bygg og Aksdal Senter. I tillegg til sanitetsforeningen som gav en flott spinlock redningsvest!

At mange barn fikk avslutte dagen med å hoppe i sjøen på jakt etter flere flaskeposter gjorde dagen fullkommen, selv om det muligens så litt kaldt ut.



Kulturkalenderen - Nye arr./endringar

Oktoper

- 02.** **Petra fritidsklubb, Kyrkjebygd kl. 20.00 - 00.00**
 Veke 41 Haustferie på Bokn skule
07. **Artep kulturcaf , Kyrkjebygd kl. 16.00 - 20.00**
 07. Basar DISM kl. 19.00 på Bokn bedehus
 09. Kino i Auditoriet
 11. Gudsteneste kl. 11.00
 12. Bibellesing kl. 18.00 på Bokn bedehus
14. **Artep kulturcaf , Kyrkjebygd kl. 16.00 - 20.00**
16. **Petra fritidsklubb, Kyrkjebygd kl. 20.00 - 00.00**
 18. TV-AKSJONEN - Vi skal vokte regnskogen
 18. ABR-senteret på Bokn bedehus
21. **Artep kulturcaf , Kyrkjebygd kl. 16.00 - 20.00**
21. **Sm barnssang kl. 17.00-18.00, sj  under**
 21. Kontaktm te p  Bokn bedehus
 23. Kino i Auditoriet
 24. Auksjon kl. 11.00 - arr. Bokn musikkorps
 26. Bibellesing kl. 18.00 på Bokn bedehus
28. **Artep kulturcaf , Kyrkjebygd kl. 16.00 - 20.00**
Halloweenfest
 28. Konsert, Auditoriet m/Tom R. Odland kl. 19:30
30. **Petra fritidsklubb, Kyrkjebygd kl. 20.00 - 00.00**
Halloweenfest

November

01. Gudsteneste kl. 11.00
04. **Artep kulturcaf , Kyrkjebygd kl. 16.00 - 20.00**
04. **Sm barnssang kl. 17.00-18.00, sj  under**
 06. Kino i Auditoriet
 06. Kulturf eld kl. 19.00 p  Bokn bedehus

09. Bibellesing kl. 18.00 p  Bokn bedehus
11. **Artep kulturcaf , Kyrkjebygd kl. 16.00 - 20.00**
13. **Petra fritidsklubb, Biljardturnering**
14. **Barnebibel, Bokn kyrkje kl. 14.00-15.30**
15. **Barnebibel, Bokn kyrkje kl. 15.00**
15. Bingo kl. 16.00 - arr. Bokn musikkorps
18. **Artep kulturcaf , Kyrkjebygd kl. 16.00 - 20.00**
18. **Onlinekveld, 7. kl., Aksdal Kyrkje kl. 17.00-20.30**

 22. NMS kl. 19.00 p  Bokn bedehus
 23. Bibellesing kl. 18.00 p  Bokn bedehus
25. **Artep kulturcaf , Kyrkjebygd kl. 16.00 - 20.00**
27. **Petra fritidsklubb, Julemiddag**
 30. Gudsteneste kl. 15.00, bibel til fire ringar
 20. Kino i Auditoriet
 29. Gudsteneste kl. 18.00, lysmesse

Desember

- 02.** **Artep kulturcaf , Kyrkjebygd kl. 16.00 - 20.00**
02. **Sm barnssang kl. 17.00-18.00, sj  under**
 04. Kino i Auditoriet
 07. Bibellesing kl. 18.00 p  Bokn bedehus
09. **Artep kulturcaf , Kyrkjebygd kl. 16.00 - 20.00**
11. **Petra fritidsklubb, Nissedisko**
 13. Gudsteneste kl. 11.00
 20. Luciafest kl. 18.00 - arr. Bokn musikkorps
 24. Gudsteneste kl. 14.00
 26. Gudsteneste kl. 11.00
 31. Gudsteneste kl. 16.00

Gymsal, kveld - oppdatert 18.09.15

| DAG | AKTIVITET | KL. | ANSVARLEG |
|------------|-----------------------------------|---------------|----------------------|
| M n | Bokn skulekorps | 18.00 - 20.00 | Lillian Gr nnestad |
| | Bokn Brass | 20.00 - 22.00 | Lillian Gr nnestad |
| Tys | Barnetrim | 16.30 - 17.30 | Tore Lund |
| | Seniordans | 17.30 - 19.30 | A. L. Hoffmann |
| | Friskis & Svettis | 20.00 - 21.00 | Anne L. Faye |
| Ons | Fotball Mix7 | 17.00 - 18.00 | Rannveig F.  vrebro |
| | Fotball J9 | 18.00 - 19.30 | Bj rnar Bryningsland |
| | Volleyball, ungd. | 19.30 - 21.00 | Mariann K. Furseth |
| Tor | Fotball Mix6 | 17.00 - 19.00 | Lars Norekv l |
| | Bokn IL | 19.00 - 20.00 | Anette V ga |
| | Volleyball, vaksne | 20.00 - 22.00 | Nina K. Aspenes |
| Fre | Basistrenings, fr  9  r - Bokn SK | 17.00 - 20.00 | Kjell Olav Skjelde |

Sm barnssang

Kyrkjelydspedagog i Bokn, Greta S. Elverhaug fortel at Sm barnssang er for barn i alderen ca 1-4  r, saman med ein voksen. Sm barnssang er rim og regler, ei god blanding av vanlege barnesongar og kristne barnesongar.

- Dessutan er det god spr ktrening for b de sm  og store, og ein god sosial arena for b de dei vaksne og ungane, sei-er Elverhaug.



I samband med **GRATULERER** i f rre blad hadde ikkje heile teksten kome med. Me beklager dette og presenterer desse p  nytt.

- redakt ren -

GRATULERER!



Ottar Borgenvik - 60 år, 18 september.

Den spreke maen, pappen, svigerfaren, besten og farfaren vår e 60 år! Gratulerer så masse med dagen din:) Me e så glad i deg!

Stor klem frå heile gjengen!



Kornelius Aarvik - 5 år, 2. september.

Gratulerer så masse med dagen din Kornelius, kjekke gutten vår:)

Stor klem frå farmor og farfar!



Sylvia M. Vatnaland - 17 år, 4. juli.

Vi vil gratulere flinke, flotte og snille Sylvia M. Vatnaland med 17-årsdagen 4. Juli! Masse glad i deg.

God klem fra Linnea, Malcolm og mamma <3



Alfred Borgenvik Dahl - 2 år, 11. juli.

Gratulerer så masse med 2 års dagen te den store og blide gutten vår!

Stor klem fra mormor og besten.



Alfred Borgenvik Dahl - 2 år, 11. juli.

Gratulerer så masse med 2 års dagen din, Alfred! Hipp hipp hurra :) Me e så gla i deg!

Stor klem fra mamma og pappa!

GRATULERER!



Thea Kristoffersen, født 18.

april på Haukeland sykehus, 3210 g og 51 cm, vil hilse til mormor, morfar, onkel Vegar, Ingrid, Annabell, oldemor og oldefar på Jøsang og oldemor i Førsvik.

Hilsen Tor, Therese og storebror Tobias



Tor Inge Sæbø - 32 år, 11. august.

Gratulerer så masse med dagen te den gode, snille papapaen vår. Du e best! Mamma hilse og.

Klem Sander, Ole Christian, Marius, Fredrik og Celina.



Simon Eidesvik - 9 år , 18 aug.

Gratulerer så masse med dagen din, Simon! Store kjekke gutten vår!

Klem frå mormor og besten :)



Victoria - 24. juli.

Benjamin ble stolt storebror til lille Victoria den 24.07.15. Hun veide 2865 gram og var 49 cm. Vi ønsker å takke for alle gratulasjoner i forbindelse med fødsel.

Henriette Øvrebø Ohnstad og Mads Bertin Ohnstad.



Albert Lindanger - 9 år, 28. juli.

Me vil gratulera Albert med 9-års dagen som var den 28. juli. Dagen blei feira på Zanzibar.

Stor klem frå Hermine, mamma og pappa.

Billig trening ut året!

Bokn idrettslag jobber for en aktiv og trygg tilværelse og et godt nærmiljø med sunne og positive verdier.

Og som du kanskje allerede vet har vi pusset opp treningslokalene i kjelleren på idrettshuset og har nå i tillegg til kondisjonsapparatene (tredemøller, spinningssykler og romaskiner) også fått inn slynger, styrkeapparater til ulik bruk samt løse vekter.

Med andre ord alt en trenger for å gjennomføre en komplett treningsøkt!



Bokn IL ønsker med dette å inspirere og tilrettelegge for at alle skal ha fremgang og oppnå resultater som en selv

vil!

Utstyret skal kunne tilpasses alles mål og forutsetninger.

For medlemskap betales 500 kr inn på kontonr: 33733003001, merket med navn og fødselsdato for personen det gjelder. Har en ikke brikke fra før, må det i tillegg betales et depositum på 200 kr for denne. Kvittering sendes på SMS til Anette på tlf 99717661,

eller mail anewold@online.no.

Ta også kontakt om du evt. ønsker å se eller prøve!

YOGA-instruktør

Bokn IL er på leit etter YOGA-instruktør.

Er du blid og imøtekommende, rolig og avslappet og driver med yoga, eller har lyst til å starte opp med denne type trening på Bokn? Eller at du kjenner noen som muligens kunne tenke seg å gjøre det? Idrettslaget kan even-

tuelt også være behjelplig med å sende en på kurs om bare interessen er der!

Det er flere som savner Hanne Marte Vatnaland sine timer i vår, og idrettslaget skulle gjerne kunnet tilby yoga igjen!

Ta kontakt med Anette Våga, på tlf 99717661, eller mail post@boknil.no



om dette er aktuelt for deg eller noen du kjenner.

STEP-STYRKE TRENING

torsdager kl 19.15 – 20.15

i gymsalen på Bokn skule.

Tilpasset alle!

Velkommen til en gratis prøvetime!



Høst eller **etterår** er en av de fire årstidene i tempererte og arktiske soner på kloden og består i tradisjonell sammenheng av månedene september, oktober og november på den nordlige halvkule og mars, april og mai på den sørlige halvkule.

Den astronomiske høsten er perioden fra høstjevndøgn til vintersolverv, og de sammenfallende astrologiske høsttegnene er vekten, skorpionen og skytten.

Innen meteorologien defineres høsten gjerne som den perioden da normal døgnmiddeltemperatur for det aktuelle stedet er mellom 0 og 10 °C og synkende. I artikkelen om årstid er oppgitt når høsten etter dette begynner en del steder i Norge.

Navnet kommer av at innhøstingen av frukt, grønnsaker og korn som tradisjonelt skulle lagres til vinteren, startet i september.

[Wikipedia](#)



Foto: Kjetil Hamre



Bokn SK – rapport fra sykkelverden



Det har vært en svært travle høst for våre ryttere. Her er noen ord fra de aktive rittene i september.

Husk å følg oss på facebook samt våre hjemmesider – www.boknsk.no for løpende oppdateringer og informasjon.

Norgescup i Bergen

De aktive har i september konkurrert i Stavanger og Bergen. Joakim debuterte i juniorklassen på den siste Norges-



Fellesstart NC Bergen

Foto: Kjell Olav Skjelde

Cup runden som gikk av stabelen med tempo på Sotra og fellesstart i Åsane. Han fikk søkt seg opp en klasse for å få kjenne litt på nivået som han kommer til å konkurrere i til neste år.



Leander viste gode takter.

Foto: Bjørn Færaas

Uno-x Sykkelsegledecup i Stavanger

De yngste har vært i Stavanger og vært med på de to siste rundene i gaterittene. I den yngste klassen har vi hatt 4 stykker til start. Minste mann Truls Foss debuterte nå i september og har kjørt de to siste rundene. Sammen med de andre viser han gode takter på sykkelen.

På den siste gateritt runden debuterte også Robin og Leander Færaas for Bokn SK. Robin som er 18 år har syklet et års tid, og startet i den 3. øverste nivå-klassen. Han viste gode takter og vant spurten på siste runde. Leander 15 som har syklet et lite halv år startet i 4. øverste klasse. Han viste jevn og fin kjøring.

Joakim viste også god form på siste runden av årets gateritt runde, og bet god i fra seg. Motiverende for å gå løs på vintertreningen med gode prestasjoner i slutten av sesongen.

Høst og vinter

Nå er sesongen for både aktive ritt og turritt over her på vestlandet. Men vi

ligger ikke på latsiden av den grunn. vi vil gjennom høsten arrangere interne klubbrutt i den litt mer ukjente grenen, Syklecross. En lett blanding av terrengsykling og landevei, med noen innlagte hinder som skal forseres. Knallartig trening!

Vi kommer også til å ha faste spinningøkter ute i våre lokaler på Hognaland. Om interessen er der så vil vi også ha begynner-timer for de som er nysgjerrige på spinning, og vil prøve ut dette som treningsform.

Ikke nok med det, på fredagskvelder vil vi ha basistrening i gymsalen på skulen.

Følg med på våre nettsider, facebook-side, og oppslag for informasjon om tidspunkter.

Og som alltid, lurer du på noe innen sykkel sportens verden, ikke nøl med å kontakte en i klubben!

Ha en rullende god høst så lenge.



Matilde, Shawn, Truls og Anders.

Foto: Mariann Skjelde

Politiske verv

Jardar Havikbotn

Tormod Våga blir ordførar og Lars Sigmund Alvestad varaordførar. Representantfordelinga i det nye formannskapet og forvalningsstyret er også klart.

- Me gjekk til val på at det skulle bli eit breast muleg samarbeid i boknapolitikken. Alle skulle få vera med. Dette vil me halda på og praktisera dei neste fire åra, fortel den nybakte ordføraren.

Tormod Våga legg til at det ikkje eksisterer nokon skriftlege avtalar. Det blir jamn valteknisk kontakt med alle parti i kommande periode. På eit møte mellom alle partia i går, 15. september, kunngjorde Bokn

Senterparti dei demokratiske tankane sine for dei andre.

Tormod Våga, som vil kombinera ordførarstillinga med eit virke i Kystverket, seier at valresultatet ligg til grunn for fordelinga av representantar i utvala. SP får leiaren av forvalningsstyret og AP nestleiaren. KRF får 1 representant i formannskapet.



Påtroppande ordførar Tormod Våga.

Fordeling i det nye formannskapet:

| | |
|----------|------------------|
| Bokn SP | 3 representantar |
| Bokn H | 2 representantar |
| Bokn AP | 1 representant |
| Bokn KRF | 1 representant |

Det nye forvalningsstyret:

| | |
|---------|------------------|
| Bokn SP | 4 representantar |
| Bokn H | 2 representantar |
| Bokn AP | 1 representant |

Dagen derpå:

Glade senterpartistar hadde pynta kontoret til ordføraren dagen etter valet.

Ordførar Kyrre Lindanger gratulerer Senterpartiet med resultatet.



Informasjon frå Bokn Høyre

av påtroppande varaordførar,
Lars Sigmund Alvestad.

Da er valget over og Bokn Høyre vil takke alle som har vist oss tillit og stemt på oss.

Denne tilliten skal vi bruke til å fremme gode saker og sammen med de andre partiene være med å utvikle Bokn på en god og fremtidsrettet måte, slik at vi kan fortsette å ha det godt i egen kommune. Vi vil også gratulere våre gode kolleger i Senterpartiet som gjorde et kjempevalg.

Bokn Høyre har vært frontet med Eiliv Staalesen som ordførerkandidat,

noe som urettmessig har ført til mye diskusjoner og spekulasjoner frem mot valget. Bokn Høyre har på tross av dette gjort et bra valg og beholdt sine fem representanter. Eiliv fikk mange personlige stemmer og slengere, men han har besluttet å ikke ha en fremtredende rolle fremover. Eiliv sin begrunnelse for dette er at han ikke ønsket å dra med seg inn flere spekulasjoner og diskusjoner om



Påtroppande varaordførar, Lars Sigmund Alvestad.

han, i det arbeidet som nå må gjøres for Bokn fremover. Han fant det derfor naturlig å meddele dette og dermed sørge for at Høyre kunne føre forhandlinger med de andre partiene uten at hans valgbarhet ble et tema.

Dette er noe vi i Høyre beklager sterkt og vi mener bestemt at Bokn har gått glipp av en god arbeidskapasitet og ambassadør for Bokn.

Det at jeg nå er innstilt som varaord-

fører etter den valgtekniske avtalen, gjør at vi føler at slik informasjon er rett å gi ut.

Nå ser vi frem til fire gode år hvor Bokn og samarbeidsånden står sentralt, så alle boknarer, unge eller eldre: Gled dere!

Vennlig hilsen
Bokn Høyre
Lars S Alvestad

Valget er over

av påtroppende ordførar,
Tormod Våga

Valget er over og vi i Senterpartiet vil nok en gang få takke alle som har stemt på oss. Vi er overveldet over resultatet og lover å gjøre vårt yttersete for Bokn fremover. Vi gikk til valg på at vi ønsket et bredt samarbeid i politikken i Bokn, og at valgresultatet og sakene skulle avgjøre videre samarbeid. Dette var grunnleggende når vi satte oss ned for å gjennomføre forhandlinger.

Tirsdag kveld var representanter fra

alle partier invitert til Boknatun for å se på en valgteknisk løsning hvor alle partier ble tatt med. Det ble fort enighet om avtalen som gir Sp ordføreren, H varaordføreren, Sp formann i forvaltning, og Ap nestformann i forvaltning. Krf får en representant i formannskapet og Ap får formann i kontrollutvalget.

Forhandlingene er således over og 27. okt. konstitueres nytt kommunestyre.

Vi håper vi med denne avtalen har 4 partier som drar lasset i lag og finner gode løsninger på sakene fremover.

Vi gleder oss til å ta fatt på 4 år i



Tormod Våga

Bokns tjeneste og ser frem til et godt samarbeid.

Mvh
Tormod Våga
Bokn Senterparti

Fekk TV av Saniteten

Jardar Havikbotn

I august fekk Bokn sjukestove fjernsyn av Bokn sanitetsforening.

Einingsleiar pleie og omsorg, Grethe E. Heimvik, fortel at dei ønska seg nytt TV til bebruarane og hadde fått tips om å søka Saniteten om pengar. Foreninga har tidlegare bidratt med ulike ting til sjukestova.

Saniteten svarte positivt berre nokre veker etter at dei søkte, og rett etter sommarferien kom dei og monterte opp eit stort og moderne apparat. Inger Sønnøve Bokneberg frå foreninga hadde organisert det heile.

Bebuarane brukar TV'en mykje, særleg om ettermiddagane og kveldene

- Eg trur at alle set pris på både større skjerm, og muligheten for å kobla på ipaden, avsluttar ein nøgd einingsleiar.



FORNØGDE FRAMFOR TV'EN: fv. Inger Sønnøve Bokneberg, Grethe E. Heimvik og assisterande einingsleiar Sonja Mikkelsen.

Variert og kjekt

Jan Magne Moi



4. klasse frå Bokn og dei skulane som hadde planleggingsdag mandag 21. september, var inviterte til misjonsdag i regi av Kyrkjear nærmiljø. Det vart ein svært variert og kjekk dag. Her var høve til fotball og kajakkpadling, fingermaling og realistisk møte med Mali. Borna såg ut til å storkose seg.



Kampen om vikingskipet

Fredag 18. september var kampen om vikingskipet. Over 20 patruljer stilte

opp. Sigeren gjekk til Førre, men beste bokn-patrulje kom på 3. plass.

Det står respekt av boknarane sin innsats som arrangør av dette

tiltaket år etter år.

Takk til alle foreldre og frivillige leiarar som står på.

Serie

Eg seie meg så

Birger Lindanger

Fyrst av alt vil me takka Martha Lohndal for ein bukett framifrå boknauttrykk. Og som vanleg er også Helge Laupland ein trufast leverandør.

Når det galdt svara denne gongen, kom både dagsentergjengen og Andor likt ut. Dei hadde kvar sitt uttrykk dei bomma på: I Dagsenteret var dei i tvil om kva det var å pritla soggeball, Andor bomma litt på kva remar var. Likevel - ni poeng til kvar er eit respektabelt resultat.

Forklaringar:

- | | |
|----------------------------|------------------------------------------------------------------|
| 1. Å pritla soggeball | Eit ballspel for born |
| 2. ei orespøda | Ein slagbolt ein stikk inn som ein lås på hestese- |
| 3. ei utoa | Ei ulydig/uvøren dame |
| 4. ei rega (ikkje skaldyr) | Ei skufle ein brukar til å skufla hevd ut or rennene i fjøset |
| 5. å etla ut | Å dela ut |
| 6. eit humletåd | Oll, sjau, masse snakk |
| 7. buband | Eit band å fest kyr i båsen med |
| 8. ein vasstase | Ein høvring (krabbe) med lite mat i |
| 9. remar (remane) | Noko som blir lagt over høyet for å halda det på plass på kjerra |
| 10. ein snur | ein innretning på fiskesøret som hindrar at det tvinnar seg |

Månadens utfordringar, kva betyr

1. Ei brennytla
2. ystabø
3. bodavon
4. eit bråd
5. skrøyve
6. ein sloe
7. nøvert
8. ilspodl
9. kvedel
10. rugjerde

Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad innan 15. oktober.

Resultat:

Dagsentergjengen 9 poeng
Andor Borgenvik 9 poeng

Så må me beklaga at me førre gongen misskreiv litt. Som nr. 4 var sett opp "å barka opp", det skal vera "å varka opp"! Så vil me på ny oppfordra at dei som kjem på slike uttrykk som foreldre eller besteforeldre brukar, men som i dag blir lite nytta, å gje oss i redaksjonen eit lite hint.

Lukke til vidare med utforskinga av boknamålet!



Kommunestyremøte 16.06.2015, sak 011/15

Framtidig kommunestruktur.

Kommunestyret vedtok mot 3 røyster:

1. Bokn kommune ønskjer å vere ein aktiv deltarar i utforminga av regionen vår og i utgreiing av framtidig kommunestruktur på Haugalandet, på det grunnlaget som er lagt av Regjeringa og Kommunal- og forvaltningskomiteen på Stortinget. Kommunen vil leggje til rette for ein open og demokratisk prosess, der lokale og regionale behov skal vere avgjande.
2. Følgjande alternativ blir utgreidd:
 - a. Alternativ 0: Vidareføring av kommunestrukturen som den er i dag
 3. Dersom utgreiinga viser at Bokn bør slå seg saman med andre kommunar eller kommunestyret av andre grunnar ynskjer det, skal deretter følgjande alternativ bli utgreidd:
 - a. Alternativ 1: Samanslåing med Tysvær
 - b. Alternativ 2: Samanslåing med Karmøy
 - c. Alternativ 3: Samanslåing med Karmøy og Tysvær
 4. Bokn kommune vil ikkje delta i utgreiing av ein stor-kommune på Haugalandet.
 5. Det vidare arbeidet skal leggjast opp slik at kommunestyret får sak om kommunestruktur til handsaming seinast i juni 2016.
 6. Fram til kommunestyrevedtak juni 2016 skal prosessen organiserast som følgjer:

Kommunestyret (prosjekeigar) skal ha laupande orientering i kvart møte fram til kommunestyrehandsaming juni 2016.

Formannskapet er styringsgruppe og kommunereforma med framdrift og tiltak skal vera sak i kvart formannskapsmøte.

Ordførar er prosjektansvarleg og skal initiere aktivitetar som sikrar medverking og eigarskap til prosessane. Ordførar skal sikre tverrpolitisk deltaking og sjå til at prosessen blir gjennomført i samsvar med vedtak og mål.

Rådmannen er prosjektleiar og har ansvar for å gjennomføre nødvendig førearbeid og for at sak om kommunereform blir forsvarleg utgreidd innan mai 2016.

7. Innan sommaren 2015 vert følgjande oppgåver prioritert:
 - a. Avklaring mellom aktuelle kommunane om kva for oppgåver som skal utgriast fram mot våren 2016.
 - b. Utarbeiding av ein konkret framdriftsplan for utgreiingane.
 - c. Igangsetjing av brei medverknad frå innbyggjarar, tilsette, kommuneadministrasjonen, organisasjonsliv og næringsliv.

Rådmannen si saksutgreiing blir lagt ut på høyring seinast 1. mars 2016. Rådmannen si innstilling blir fremja i mai 2016, og skal byggje på utgriing og innbyggjarhøyring.

Kommunestyremøte 16.06.2015, sak 012/15

Lokalpolitisk høring ROGFAST.

Kommunestyret vedtok:

Bokn formannskap sluttar seg til dei 6 vedtakspunkta slik som foreslått i notatet «Lokalpolitisk høring E39 Rogfast» frå Statens vegvesen med følgjande merknad:

Nivået på bompengane må ikkje overstiga dagens ferjetakster (2015-nivå).

Kommunestyremøte 16.06.2015, sak 013/15

Godkjenning av boligsosial handlingsplan.

Kommunestyret vedtok:

1. Kommunestyret godkjenner forslag til boligsosial handlingsplan for Bokn kommune.
2. For å møta framtidig behov for tilrettelagde bustader vedtar kommunestyret å starta beidet med planlegging av inntil 10 tilrettelagde bustader for eldre demente og inntil 5 tilrettelagde bustader for bebuarar med varierande behov for miljøtiltak og omsorg.
3. Bustadene skal planleggast bygd ut i områda nær Bokn sjukestove og må ses i samanheng med utbygging og bruk av fellesareala til sjukestova.

4. Nytt pkt 4: Kommunestyret sett ned ei plan- og byggenemnd beståande av:
Ein representant frå kvart parti i formannskapet, samt leiar og tillitsvald frå sjukeheimen
5. Sekretær for plan- og byggenemnda vert kommunalsjef Ingunn Toft. Teknisk sjef Kåre Bua har ansvar for den tekniske/fysiske del av planlegginga.
6. Plan- og byggenemnda legg sjølv fram forslag til mandat for arbeidet, framdriftsplan og budsjett for planarbeidet.

Formannskapet fungerer som styringsgruppe for prosjektet og godkjenner forslag til mandat, framdriftsplan og budsjett for planarbeidet.

Kommunestyremøte 16.06.2015, sak 014/15

Oppnak av Startlån til videre tildeling for 2015.

Kommunestyret vedtok:

Bokn kommunestyre vedtar å ta opp Startlån frå Husbanken for vidare tildeling med kr 3.000.000,-

Lånet er eit annuitetslån med totalt løpetid på 30 år

Lånevilkåra fylgjer dei til einkvar tid gjeldande reglar i Husbanken.

Kommunestyremøte 16.06.2015, sak 015/15

Årsmelding 2014.

Kommunestyret vedtok: Kommunestyret tok årsmeldinga til etterretning.

Kommunestyremøte 16.06.2015, sak 016/15

Rekneskap 2014 med noter.

Kommunestyret vedtok: det rekneskapsmessige mindreforbruket på kr. 3.304.509,02 vert disponert slik;

kr. 851.895,- vert sett av til øyremerka disposisjonsfond ihht saksframstillinga.

kr. 2.000.000,- vert sett av til Føresvikvegen

kr. 452.614,02 vert sett til disposisjonsfond



Kommunestyremøte 16.06.2015, sak 017/15

Utbetring av Føresvikvegen - finansiering.

Kommunestyret vedtok: Bokn kommune aukar løyvinga til utbetring av Føresvikvegen med kr 2.000.000,- frå kr 4.000.000,- til kr 6.000.000,-.

Auken blir å henta frå oversket for 2014.

Formannskapsmøte, 8. september

Formannskapsmøte 08.09.2015, sak 051/15

Kjøp av tomt gnr. 5 bnr.18

Formannskapet vedtok samråystes: Bokn kommune sel del av gnr. 5 bnr. 18 til eigaren av gnr. 5 bnr. 28. Tillegget, som er på om lag 280 m², gjer at det i samsvar med reguliringsplanen kan bli ei ny tomt ved å leggja den nye delen saman med areal som ein skil ut frå gnr. 5 bnr. 28.

Prisen blir sett til kr 200 pr. m², som svarar til den kommunale prisen for tomter i feltet. I tillegg til kvadratmeterprisen skal kjøparen betala for sakshandsaming av utskiljingssaka, oppmålingsgebyr, dokumentavgift og tinglysingsgebyr.

Framhald i neste blad.



Byggmester-papirer med sentralgodkjent ansvarsrett.

Utfører:

Alt innen nybygg og rehabilitering. Totalentreprenør.

Tegneoppdrag, beregninger og byggesøknader.

Kontorer, trelast og varehandel på Bokn Bygg.

Leverandør av VestlandsHus, hytter og garasjer.

Ta kontakt for en hyggelig og uforpliktende prat.

Jan Magne Mæland 90565245

Tor Henning Mæland 95221191

Mail: jmm@meland-bygg.no

Flott tur til Skudeneshavn

Reidar Alvestad

Inkludert sjåfør Odd Grønnestad var me 21 personar som reiste med Bokn historielag til Skudeneshavn den 6. september for å få omvising i Gamle Skudeneshavn og Mælandsgaarden museum.

Den kommunale bussen som me leigde hadde ikkje plass til alle, og difor var det 4 personar som fylte opp ein bil i tillegg til bussen.

Omvisaren som heitte Katarina møtte oss på torget, og langs vegen til Mælandsgaarden hadde me mange stopp der ho fortalte om gamle Skudeneshavn og dei mange historiske fakta når det gjaldt byggeskikk og livet i Skudeneshavn opp til i dag.

Omvisinga inne i Mælandsgaarden var svært interessant og omfattande.



Her står 19 av dei 21 som var med på turen. Omvisar Katarina sit framføre dei andre.

Omvisaren var svært dyktig, og ga oss god informasjon om korleis livet hadde vore i Skudeneshavn før i tida. Museet hadde også ei stor mengd med gjenstandar frå dagleglivet i tidlegare tider, både i heimar og i arbeidslivet.


Etter omvisinga gjekk me ein annan veg tilbake til bussen, og fekk meir

påfyll av omvisaren. Så bar det inn i bil og buss, og turen gjekk nordover igjen på Austre Karmøyveg. Me stoppa då i Kopervik, og hadde god middag hos Røthlings Catering & Selskapsslokaler, før turen gjekk heim til Bokn. Me hadde bestilt fint ver, noko som gjorde at humøret var på topp, og turen blei vellukka.

30 personar ville vita meir om Bokn før i tiå

Reidar Alvestad

Det var litt uventa at så mange møtte opp for å høyra på Per Arve Hognaland fortelja om **Bokn før i tiå** den 9. september på Allrommet. Men det var kjempekjekt at såpass mange kom. Per Arve Hognaland fortalte om facebooksida si **Bokn før i tiå**, og hadde framvisar kor han viste alt han hadde fått inn av bilder, avisutklipp



og andre historier. Facebooksida har nå 363 medlemmer. Mange kjende igjen bilder og historier, og det kom både spørsmål og nye opplysningar. Det er slik at mange eldre ikkje har face-

book-konto, og det kom spørsmål om det var nokon organisasjon eller andre som kunne ta på seg å laga eit opplegg for dei som ynskjer å læra korleis ein lagar seg facebook-konto og tar det i bruk.

Nytt nasjonalt legevaktnummer 116 117

Jan Schille

1. september 2015 blei det oppretta eit nytt landsdekkande telefonnummer til legevakt.

Det vil seie at du ved å ringe 116 117 uansett kvar du er i landet vil bli satt over til den nærmaste legevaktsentralen. Dette basert på fasttelefonen du bruker eller basestasjonen mobiltelefonen din bruker når du ringer.

116 117 nummeret er legevaktnummeret som du kan bruke når du treng øyeblankeleg legehjelp og ikkje kan vente på fastlegen din.

Bokn legevakt tlf 52 74 85 22 vil bestå. Hovedgrunnen er for at du skal kunne ringe på vegne av andre som er på Bokn dersom du sjølv ikkje er i kommunen.



Medisinsk nødnummer 113 består som før og skal brukast når det er akutt og står om liv.

Ny legevaktordning


Jan Schille

1. september 2015 blei legevaksamarbeidet med Sveio og Tysvær erstatta med eit nytt samarbeid der også Haugesund og Utsira kommunar deltek.

Den nye legevaka vil vere lokalisert i **Karmsundgata 59B** i Haugesund der Haugesund legevakt er å finne i dag. Bakgrunnen for denne endringa er eit ønske om ein legevakt med høgare bemanning og betre beredskap.

Du som brukar av legevaka vil no møte ein legevakt med kontinuerleg lege- og sjukepleiarbemannning. Du vil møte helsepersonell på legevaka uavhengig av tid på døgnet eller om du har ringt på førehand. På kveld, helg og natt vil to legar vere tilgjengeleg for å sikre rask og god pasientbehandling. Ved å ha to legar på vakt vil ein også i større grad kunne utføre sjukebesøk der dette er formåls tenleg.

For deg på Bokn kan du som før ringe telefonnummer for



Bokn legevakt 52 74 85 22 eller det nye nasjonalt legevaktnummer 116 117 (aktivt frå 1/9-15). Du kan også møte opp på legevaka i lokalna i Haugesund.

Helsestasjon og skolehelsetjenesten i høst

Helsesøster skal ha permisjon i tre måneder i høst i forbindelse med jobb utenlands (Fra og med 10. september til 12. desember).

I den forbindelse blir det et redusert tilbud fra helsestasjon/ skolehelsetjenesten.

De minste barna vil få oppfølging av jordmor og lege. De vil få nærmere informasjon av helsesøster om dette.

Planlagte ting i skolehelsetjenesten vil bli utført før/ etter oppholdet. Ellers anbefaler jeg å bruke sosialrådgiver ved skolen, Trine Grønnestad, ved behov.

Mandager har legen fastsatt tid for helsestasjon og skolen kl 0900-1200. Han er da tilgjengelig på legekontoret på Boknatur.

Ved akutte saker/ bekymringer/ hen-

vendelser til helsestasjon; kontakt Miriam Berland i psykisk helsetjeneste eller legekontoret.

Telefonnummer:

Miriam Berland: 404 10 570

Bokn legekontor: 52 75 25 40

En fin høst ønskes alle brukere av helsestasjonen.

**Hilsen helsesøster
Henriette Lindanger**

Ledige stillingar Pleie og Omsorg

Pleie og omsorgsavdelinga har ledig ulike stillingar, hovudsakleg knytt til Bokn sjukestove.

Prosjektstillingar fram til 31.12.16:

- 17,61% Helgestilling
- 13,26% Helgestilling
- 14,08% Helgestilling
- 16,67% Helgestilling
- 94,26% Turnus med arbeid kvar 3. helg

Vikariat fram til 30.06.16:

- 51, 57% Turnus med arbeid kvar 3. helg

Vikariat fram til 18.11.16

- 19,71% Dagsenter, tysdagar
- 27% Turnus med arbeid kvar 3. helg

Faste stillingar:

- 13,14% Helgestilling
- 35% Heimetenesta, dagtid

Sjå www.bokn.kommune.no for fullstendig utlysning

Søknadsfrist: 6. oktober 2015



Fyren bustadfelt på Bokn



Sjønære einebustadtomter for sal

Foto: Ida K. Vollum - vestfold.no

Kontakt servicetorget, tlf. 52 75 25 00

eller post@bokn.kommune.no



Rockepoet til Bokn!

Onsdag 28. oktober blir det konsert med Tom Roger Aadland i Auditoriet kl. 19:30.

Rockepoeten frå Vikebygd blei lagt merke til for alvor då han gjendikta og song Dylan på nynorsk på albumet **Blo
d på spora**. Låten **Vikla inn i blått** frå denne suksessplata blei nyleg kåra til ein av tidenes beste norske coverlåtar av WiMP.

No er han aktuell med det kritikaroste albumet **Rapport frå eit grensehotell**. Plata dreier seg om menneskeleg einsemd og lengt etter kjærleik, og inneheld Aadlands sterkeste samling låtar til no. Det lær mørkare og meir skittent enn før; det er meir *rock* og mindre *folk*. Det er stemningsfullt, mørkt og vakkert, og det er filmatisk. Scenene beveger seg fritt i tid og rom, og snarare enn å fortelje ei historie, formidlar songane ein stemning. Tom Roger Aadland leverer alltid sterke melodiar, og singelen **Like til mi dør** blei raskt A-lista hos NRK P1.

På konserten på Bokn vil Aadland hovudsakleg syngje frå **Rapport frå eit grensehotell**, men ei Dylan-perle eller to på nynorsk blir det sikkert også plass til.



Tom Roger Aadland

ESPELAND FORSKALING

FAGFOLK GIR TRYGGHET



Har du byggeplaner?

- Grunnmur
- Ringmur
- Forstøtningsmur
- Thermomur
- Gulv / Plate / Dekke
- Nybygg – Tilbygg

**Ta kontakt med din lokale betongentrepreneur
for et uforpliktende pristilbud.**

Tlf. 47264311

E-post: espeland.forskaling@gmail.com



Tannlege Ingjerd Hope Myklebust har skiftet arbeidssted til Aksdal tannklinikk i Aksdal senter, 2. etasje ved Jernia. Velkommen til gamle og nye pasienter!

Telefon 52 77 57 00

TANNLEGE
Ingjerd H. Myklebust

TANNLEGE
Camilla K. Mæland



Tysdagskafé

- slekter, nupereller og andre pimperneller; kafeen for ein kvar smak!

Kvar tysdag kl. 09.30 - 13.30 på Bokn bibliotek

Gratis kaker og kaffi

Velkommen!



ALT ER MULIG!



VI LEVERER

altibox

Bestill på haugnett.no

KFL bil og utleie

| | | |
|----------------------------|-----|---------------|
| Utleige av stillas | frå | 500 kr. pr.v. |
| Utvendig lakrens av bil | frå | 2.500 kr. |
| Innvendig reingjering | frå | 500 kr. |
| Skinnpleie | frå | 500 kr. |
| Desinfisering av klimaanl. | | 500 kr. |

Utleige av minigravar 2500 kg

| | |
|--------------------|-----------------|
| Pris døgn | 1.000 kr. + mva |
| Pris veke | 5.000 kr. + mva |
| Pris pusseskuffe | 150 kr. + mva |
| 3.500 hengar, døgn | 400 kr. + mva |

Nytt!

Smøreoljer til alle formål.
T.d: 2 taksolje, motorolje,
hydraulikkolje,
sakkjedeloje osb.

Kjell Frode 907 83 797
John Magne 909 24 964
@: kjellfrode75@hotmail.com



Bokn hjelper Ukraina

Du finn oss på hjørnet til Coop
Marked Bokn.

Oppningstider blir varslet med oppslag på døra og på Facebook-sida vår.

Helsing

Elisabet & Annette
469 59 513 - 913 28 258



BOKN BYGDAABLAD

www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året.
Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 424,- pr. år, 607,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

Redaktør: Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

Medarbeidarar: Annette Bokneberg/Gro Sørensen

Bygdabladnemnd

Elisabet Taraldlien
Kjetil Hamre
Hanne Marte Vatnaland

Foto, omslag:

Ida Kristin Vollum, vestfoto.no



Gjeldande annonsepriser

| | 1/8 side | kr. 250,- | |
|-----------|-------------|-------------|--------------|
| Heilside | kr. 2.000,- | Privattann. | kr. 100,- |
| Halvside | kr. 1.000,- | Nettannonse | kr. 100,- |
| Kvartside | kr. 500,- | Fastannonse | etter avtale |



- Salg og leveranse av singel og veigrus
- Skaffer også andre steinprodukter ved forespørsel
- Opplasting og bortkjøring av løsmasser

Telefon: 94 98 63 64


Bokn & Tysvær

Kjell Frode Lie
907 83 797
John Magne Lie
909 24 964

begravelsesbyrå

Trovåg
Elektro

Gammelt sikringskap?



KONTAKT OSS:
52 77 63 39
post@trovag.no

**SVENNEBREV**

Velkommen til Hårsmia. Styrk og gjenoppbygg sommerslitt hår med strength, som reparerer, pleier og gir et sterkt, sunt og glansfullt hår.
Høsttilbud nå.



Åpent alle hverdager inkludert lørdager etter avtale.
Mvh.
Hårsmia/Mona



Frisørrommet på Boknatur
- i sentrum av Bokn -



Åpningstider:
tirsdag-fredag
kl. 09-16

GOLDWELL

Hilsen fra
Anita

99 32 55 34
52 74 85 34

**DAGSENTERET**

Ope kvar tysdag kl. 10.00 - 14.00
Treng du skyss, blir du henta på døra.
Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.
Påmelding på tlf. 93 09 39 98

Torny Rossebø - aktivitør

**NAV BOKN**

Kontortid kl. 9.00 – 14.30
Telefontid kl. 8.00 – 15.30

Kundesenteret: tlf. 55 55 33 33

Bengt Krystad - leiar

**SERVICETORGET**

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30 - 15.00

Me kan t.d. hjelpa deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- uteleie av kommunale lokaler, eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, krus, m.m.
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10
52 75 25 11

E-post: post@bokn.kommune.no

LANDBRUKSKONTORET

Kontakt landbrukskontoret på Tysvær rådhus i Aksdal.

Bjørn Bruaset: 52 75 71 75
Emilie Moi Eikje: 52 75 77 69

Opningstider, Bokn bibliotek

| | |
|---------|---------------|
| Måndag | 16.00 - 19.00 |
| Tysdag | 09.30 - 13.30 |
| Onsdag | 16.00 - 19.00 |
| Torsdag | 09.30 - 13.30 |

BOKN LEGEKONTOR

Opningstid tysdag, onsdag og fredag 08 – 15.
Telefontider 08-11 og 13-14.
Telefon 52 75 25 40.

Timebestilling også på nett / SMS – sjå bokn.kommune.no for meir info.

Ved livstruande tilstand, ring 113.

Dersom du er utanfor kommunen, men treng å komme i kontakt med Bokn legevakt (f.eks som pårørende), ringer du 52 74 85 22.

Jan Schille - lege

PSYKISK HELSETENESTE

Kontortid mellom kl. 08.00 – 15.30 alle dagar, torsdag ope til kl 15.30.

Direktenr.: 52 75 25 36

Mobilnummer: 40 41 05 70

(me er lettast å få tak i på mobil)

E-postar:

henriette.lindanger@bokn.kommune.no
miriam.berland@bokn.kommune.no

HELSESØSTER

Helsestasjonen er open mandagar, tysdagar og onsdagar kl. 08.00 -15.30
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 93 85 14 09

Henriette S. Lindanger - helsesøster

JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet mandag i oddetallsveker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61

Timebestilling: Ta kontakt med Bodil på mobil 40 41 12 61

Bodil Ljones Auestad - jordmor

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag kvar veke

Tysdag - onsdag - torsdag kvar tredje veke - tlf. 52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

Geir Austvik - fysioterapeut

BOKN FOTTERAPI

Timebestilling tlf. 99 70 74 28

Rita Bokneberg - fotterapeut

A-Blad

Returadresse:
BOKN KOMMUNE
5561 BOKN

